



Arkivsaknr: 2024/7900-9
Sakshandsamar: Ingunn Øvretveit
Avdeling: Stab - Helse og omsorg

SAKSFRAMLEGG

Søknad om fornya salsløyve for alkoholhaldig drikk gruppe 1 i tidsrommet 01.10.24 - 30.09.28 - Bøvågen Mat AS - Bunnpris Bøvågen

Utvalssak	Utval	Møtedato
	Utval for levekår	

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

1. Bøvågen Mat AS, org.nr. 985297908 vert innvilga salsløyve for alkohol gruppe 1 i omsøkte lokalar – Bunnpris Bøvågen, Bøvågen 2, 5937 Bøvågen
2. Løyvet vert gjeldande i perioden frå 01.10.24 – 30.09.28
3. Styrar for løyvet: Frode Myking, f. 18.06.74.
Avløyser for løyvet: Monica Sævdal Næss, f. 09.08.75
4. Salstidene følgjer vedteken forskrift om sals-, skjenke- og opningstider for Alver kommune.
5. Løyvehavar pliktar å sende til Alver kommune oppgåve over faktisk omsett mengd alkohol innan 01. mars kvart år.
6. Løyvehavar har sjølv ansvar for til ei kvar tid å leggje fram opplysningar for kommune som kan ha konsekvensar for dei vilkår som er sett i løyve.

Klagerett: Klagefrist er 3 veker etter mottatt melding om vedtak, jfr. Forvaltningslova § 29. Klageinstans er Statsforvaltaren i Vestland. Klage skal sendast til Alver kommune.

Politisk handsaming

Saka skal avgjerast i utval for levekår

Saka gjeld

Søknad om fornying av salsløyve for alkoholhalig drikk gruppe 1 i perioden 2024- 2028

Bakgrunn

Bøvågen Mat AS, or.nr 985297908 - har i søknad datert 27.06.24 søkt om fornying av salsløyvet for alkoholhaldig drikk gruppe 1 i lokalene til Bunnpris Bøvågen, Bøvågen 2, 5937 Bøvågen. Frode Myking er styrar for salsløyvet og Monica Sævdal Næss er avløysar. Opningstida er frå kl. 08.00 til kl. 20.00 måndag- fredag. Laurdag frå kl 09.00 – 18.00.

Vurdering

Alver kommune har løyveperiodar på inntil 4 år for sal og skjenking, med opphøyr seinast 30. september året etter at nytt kommunestyre tiltretr (Alkoholova §1- 6). Bøvågen Mat AS søker løyve for ny periode.

Søknaden har vore til uttale hjå NAV Alver, politi og skatteetaten som ikkje har merknader til søknaden eller omsøkte personar.

Styrar og avløysar for salsløyvet har bestått kunnskapsprøven i samsvar med alkoholova §1-7 c.

Alkoholova §1- 7b (krav til vandel) og alkoholova §1-7 a (kommunens skjønnsutøvelse ved behandling av søknad), samt kommunen sin alkoholpolitiske plan (2024-2028), Alver kommunes kommuneplan samfunnsdel (2022-2034) er lagt til grunn i vurdering av søknaden.

Kommunedirektøren si tilråding

Søknaden vert tilrådd innvilga.